



MØTEPROTOKOLL KONTROLLUTVALET

Møtedato: 15.03.2017
Møtestad: Heradshuset, Dale
Møtetid: 15:00 - 18:00

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Boris Groth	FRP	Utvallsleiar
Bente Jorunn Sundheim (kom ca 20 minuttar inn i møtet)	H	Nestleiar
Björg Aase Nottveit Hop	AP	Medlem
Odd Jøran Oldervik	SV	Medlem
Terje Davidsen	AP	Medlem

Andre møtande:

Konst. rådmann Åse Elin Myking
Einingsleiar for Folkehelse og Familie
Fagleiar for rus/psykiatri
Representant frå Deloitte
Roald Breistein, HFK
Roger F. Erlandsen, sekretær

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
08/2017	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
09/2017	GODKJENNING AV MØTEBOK
10/2017	REFERATSAKER OG MELDINGAR
11/2017	BESØK AV EINING: RUS OG PSYKIATRI
12/2017	KONKURRANSEUTSETTING AV REVISJONSTENESTER FOR VAKSDAL KOMMUNE – VAL AV REVISOR
13/2017	DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR
14/2017	FAGKONFERANSE FORUM FOR KONTROLL OG TILSYN



08/2017: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Kontrollutvalet 15.03.2017

Behandling:

Samrøystes.

KONT - sak 08/2017 Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

09/2017: GODKJENNING AV MØTEBOK

Framlegg til vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

Kontrollutvalet 15.03.2017

Behandling:

Samrøystes.

KONT - sak 09/2017 Vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

10/2017: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.



Kontrollutvalet 15.03.2017

Behandling:

Kontrollrapport 2016 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Vaksdal kommune
Kontrollutvalet vil for 2017 vurdere å be om bakgrunnstalla for rapporteringa.

Årsmøte/fagkonferanse i Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) 7. – 8. juni 2017
Sjå sak 14/17 som blei oppretta i møtet.

KONT - sak 10/2017 Vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.

11/2017: BESØK AV EINING: RUS OG PSYKIATRI

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen som kom fram om orienteringa om rus og psykiatri til orientering.

Kontrollutvalet 15.03.2017

Behandling:

Folkehelse og Familie

Einingsleiar for Folkehelse og Familie orienterte.

Organisasjonskart

Under Einingsleiar:

- Legekantor
- Ergoterapeut
- Fysioterapeut
- NAV -Vaksdal introjenter
- Barnevern
- Rus og psykiatri
- Helsestasjon/skolehelsetjeneste

- Visjon: best mogleg livskvalitet
- Omfattar alle aldersgrupper
- God pasientflyt/flyt mellom tenestene settes høyt
- Prøver å lære av andre kommuner: ideer og innspel
- Er ansvarleg for Vaksdal introjenter: integrering, bosetting og kvalifisering av flyktninger
- Har komplekse saker som treng fagleg dugleik. Har faglig ballast.
- Helsestasjon/skolehelsetjeneste: har fokus på forebyggende arbeid



Det jobbes med å samlokalisere helsestasjon og barnevern, då desse tenestene har relasjonar til kvarandre. Barnevernet har nå midlertidige lokaler.

På helsestasjonen er det kontor for fagleiar, jordmor, lege, psykiatrisk sjukepleier, helsesøster (2 kontor), samt eit fellesrom. Ergoterapeut/fysioterapeut og NAV har egne kontorer.

Rus og psykiatri

Fagleiar for rus/psykiatri orienterte.

- 3,05 årsverk i avdelinga
- 70-80 brukarar som hjelpes
- Ca 3 nye henvendelser i månaden
- Ca 25 personar med tunge psykiske lidningar
- Utfordringar på områdene alkohol, andre rusmidlar, økonomi
- Gruppetilbod: tirsdagsgruppe (sosialt), treningsgruppe (i samarbeid med fysioterapeutene), rusforebyggende gruppe; for «litt vaksne» .
- Avdelinga kan søke fagleg støtte hos psykologspesialist ved behov.
- Avdelinga har «internundervisning» der dei har samhandling mellom tenestene.
- Teknologi vert nytta som ein del av tilbodet. Apper: «Min plan» (kriseplan for brukarane), «Drikkevett» (påminning om ein drikk for mykje)
- På internett er det også tilbod: «Moodgym» (adferdsterapi, anbefalt av Helsedpt.), og emeistring som er ein egen seksjon i Helse-Bergen.
- Det tilbys «mestringstreff». Dette er eit kommunalt gruppebasert diagnoseuavhengig lærings- og mestringstilbod for vaksne som lever med helseutfordringar
- Kommunen har eit psykososialt kriseteam. Dette er ein del av beredskapen til Vaksdal kommune, og består av 12 medlemmer. Dei har eit tverrfagleg samarbeid.
- Rus/psykiatri har gode resultat på brukarundersøkingar. Her er det spesielt områda kompetanse, samarbeid og respektfull behandling dei får god tilbakemelding på.

Eit av medlemene spurde om boligsituasjonen for alkoholikare. Fagleiar for rus/psykiatri svarte at det er problemer med å skaffe bolig for dei. Det er NAV som jobbar med dette. I påvente av noke betre er det hospits som tilbys som mellombels løysing.

KONT - sak 11/2017 Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen som kom fram i besøket av rus og psykiatri til orientering.

12/2017: KONKURRANSEUTSETTING AV REVISJONSTENESTER FOR VAKSDAL KOMMUNE – VAL AV REVISOR

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Vaksdal kommune vel som revisor frå 01.07.2017 til 30.06.2021.



Kontrollutvalet 15.03.2017

Behandling:

Møtet blei lukka jf. kml. §31.3

I møtet 15.03.17 hadde sekretariatet førebudd sak til kontrollutvalet der utvalet skulle innstilla overfor kommunestyret på val av revisor for Vaksdal kommune frå 01.07.2017. Det er kommunestyret som skal gjera det endelege vedtaket. Sekretariatet presenterte i møtet 15.03.17 eit munnleg forslag til kven kommunen bør velja som revisor. Det blei også presentert ei grunngeving i høve dei 3 tildelingskriteria som ligg til grunn i konkurranse-grunnlaget.

Leiar for kontrollutvalet var nøgd med presentasjonen.

På bakgrunn av det som kom fram i saksframlegget, og ut frå det som blei presentert i møtet, vart kontrollutvalet tilrådd å kome med innstilling til val av revisor for Vaksdal kommune frå 01.07.2017 til 30.06.2021.

Medlemene i kontrollutvalet var etter presentasjonen samrøystes samd om å innstille på Deloitte AS som revisor for Vaksdal kommune frå 01.07.2017 til 30.06.2021.

KONT - sak 12/2017 Tilråding:

Kommunestyret i Vaksdal kommune vel Deloitte AS som revisor frå 01.07.2017 til 30.06.2021.

13/2017: DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR

- Kort orientering / løypemelding frå rådmannen om framdrift, vurderinger og status i sak 32/16 pr. dd. (32/16 - ORIENTERING FRÅ RÅDMANNEN OM SAKSHANDSAMING AV SAK «STAMNES SENTRUM VIDAREUTVIKLING»)
- Orientering fra rådmannen om status for implementering av Vigilo i barnehagene i kommunen i forhold til vedtaket i kommunestyret i februar 2017
- Orientering fra (konst.) rådmann om status for sjukemeldinga til rådmannen

Kontrollutvalet 15.03.2017

Behandling:

1. Kort orientering / løypemelding frå rådmannen om framdrift i sak 32/16 pr. dd. (32/16 - ORIENTERING FRÅ RÅDMANNEN OM SAKSHANDSAMING AV SAK «STAMNES SENTRUM VIDAREUTVIKLING»).

Som bakgrunn i denne saka vises det til tidligare protokollar som omtaler denne saka.



Med omsyn til kjøp av gardsnummer 45, bruk 6, blei det i kommunestyret fatta eit vedtak om at dette skal skje på bakgrunn av uhilda takst (ihht til rådmannen sin innstilling). Administrasjonen fekk i oppgåve å lage ein samarbeidsavtale med arbeidsgruppa for Stamnes sentrum.

Rådmannen informerte om at det ikkje har skjedd så mykje sidan orienteringa i KU-møtet 23. februar d.å. Det har vore litt kontakt med grunneiær der dei har snakka om taksta. Samarbeidsavtala med arbeidsgruppa er ikkje vorte utarbeida. Når denne er utarbeida skal den sendes til formannskapet. Leiar for KU ba i møte 23. februar om at avtalen også oversendes kontrollutvalet før den sendes til behandling i formannskapet.

2. Kontrollutvalet ønska å få orientering frå rådmannen om status for implementering av Vigilo i barnehagane i kommunen i forhold til vedtaket i kommunestyret i februar 2017.

Rådmannen sa at Vigilo er eit kommunikasjonsverktøy til bruk i barnehagane. Med dette verktøyet kan ein til dømes registrere barna inn og ut av barnehagane, med meir. Nokon foreldre har uttrykt at dei ikkje er trygge på bruken av Vigilo. Einingsleiare jobbar med å informere dei som treng meir informasjon. Prosessen med å implementere Vigilo fortsetter når dette arbeidet er ferdig.

3. *Møtet blei lukka jf. Kommuneleva §31-3.*

Orientering frå (konst.) rådmann om status for sjukemeldinga til rådmannen.

Kommunestyret v/ordfører har arbeidsgiveransvar for rådmannen. Møter er blitt avholdt med rådmannen. At rådmannen er sjuk har gått noe utover kapasiteten. Noen av oppgavene til konstituert rådmann er fordelt til andre.

Møtet blei opna igjen.

Orienteringane frå rådmannen blei teken til orientering av kontrollutvalet.

4. Deloitte ga informasjon/»løypemelding» om arbeidet med forvaltningsrevisjonen «Kvalitet i pleie- og omsorgstenestene». Deloitte kan melde:
 - I arbeidet med revisjonen får Deloitte rask respons på henvendelser til kommunen
 - Deloitte har fått hjelp av kommunen til distribusjon av spørjeundersøkinga. Svarene er sendt direkte til Deloitte.
 - Svarresponsen frå brukare/tjenestemottakare er bra
 - Elektronisk spørjeundersøking overfor dei ansatte har gått trådt med lavere respons enn ønska. Deloitte har jobba med å få svarandelen opp, men dette har vært vanskelig å få til.
 - Det gjenstår å gjennomføre fleire intervjuer
 - Revisjonen blir ikkje ferdigstilt til neste møte i KU 9. mai 2017. I prosjektplanen står det at Deloitte leverer revisjonen innan 19. mai 2017.

Kontrollutvalet takka for orienteringa frå Deloitte.



KONT - sak 13/2017 Vedtak:

Saka vert tatt til orientering.

14/2017: FAGKONFERANSE FORUM FOR KONTROLL OG TILSYN

Kontrollutvalet 15.03.2017

Behandling:

Saka vart oppretta i møtet.

I møtet blei det informert om årsmøte og fagkonferanse for/i regi av Forum for Kontroll og Tilsyn 7. – 8. juni 2017.

Det blei diskutert om medlemar frå KU skulle delta. Utvalet vart samd om at ein eller fleire frå utvalet kan delta, og at kostnaden må være innanfor budsjettet til KU. Deltaking avtales direkte med leiar for kontrollutvalet.

KONT - sak 14/2017 Vedtak:

Kontrollutvalet ynskjer å delta med ein eller fleire på FKT-konferansen innanfor budsjetttramma. Deltaking avtales direkte med leiar for kontrollutvalet.
